



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/114610-5

Dykkar referanse: Vår dato:
20/5600 – 20/79370 28.01.2021

Uttale til begrensa høyring – Justering av framlegg til føresegn – Områdeplan Knarvik – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 08.01.2021. Saka gjeld begrensa høyring av endring knytt til Områdeplan Knarvik. Endringa rettar seg mot områdeplanen sine føresegner.

Saka gjeld

Alver kommune skriv at høgde knytt til veganlegg i områdeplan for Knarvik har vore løyst ved å gjere høgden juridisk bindande i tilhøyrande illustrasjonsplan. Det å setje ei bestemt høgde i arbeidet med prosjekteringa av ny veg har konsekvensar for utforming, og då særleg høgde. Dette plangrepet har difor vist seg å vere meir til hinder enn til nytte og er i framlegget til endring av føresegnene tatt vekk.

Alver kommune og konsulent har gjort ei vurdering av kva høgde krysset mellom Bruvegen og Kvassnesvegen bør ha. I denne vurderinga er det vekta kva som vil vere ei god løysing for opparbeiding av dei tekniske anlegga, stigningstilhøva på veg (overflate) og overvasshandtering.

Nokre sentrale moment for Alver kommune i denne vurderinga er:

- Flomvegproblematikk i Knarvik
- Redusere stigningen på Bruvegen opp til E39, – ikkje auke
- Rette opp knekk på Kvassnesvegen i krysset med Bruvegen
- Betre overgangen inn mot Haugland-tomten (BS7 og BS8)
- Fjerne hengekøyefasongen på hovudgata i Knarvik
- Gje ei meir kvalitetsmessig utforming av gata
- Få bygningsmassen til å «spele på lag» med vegen

Alver kommune ønskjer å ta med seg dette innspelet til endring av plan før ein gjer vedtak.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Kommunen sitt framlegg til justering av føresegna er å justere maks byggjehøgde for dei aktuelle delområda opp med inntil +1 m i tab. 3 under pkt. 3.1.4 for delområda BS7, BS8, m.fl.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Uttale

Med omsyn til vertikalkurvaturen i Bruvegen, er Statens vegvesen einig i at vegen bør hevast maksimalt i kryss med Kvassnesvegen, slik at stigning/fall vert redusert i høve til dagens situasjon. Endringa i planføresegnene opnar for ein reduksjon av stigninga på Bruvegen opp til E39 og representerer etter vår vurdering eit hensiktsmessig plangrep.

Krysset mellom Lyngveien og Bruvegen er regulert stengt i områdeplanen. Alver kommune gav i desember 2020 dispensasjon frå kravet om stenging av Lyngvegen etter søknad frå Alverporten AS. Statens vegvesen uttalte seg negativt til dette. Vi meiner kommunen si avgjerd var uheldig vurdert ut frå omsynet til trafikktryggleik.

Statens vegvesen har sett på notatet frå Norconsult som omtaler konsekvensane for eksisterande og nye verksemder dersom ein endrar høgdene vist i illustrasjonsplanen. Vi har i samband med dette sett på framkomelegheit for sykkel og gange i dette området. Etter det vi kan sjå er det kun i Kvassnesvegen at det er lagt opp til opphøgd sykkelfelt (sjå Figur 3 Normalprofil ved pr. 240). Dei andre vegane har ikkje tilbod for syklistar. Eit minimum bør vere ei kopling i begge ender av Kvassnesvegen kor ein kjem seg inn på sykkelvegen langs Ev. 39 og opp til senterområdet på motsett side av Ev. 39. Vi saknar eit kart eller illustrasjon som viser sykkeltilbodet i dette området. Statens vegvesen har utover dette ikkje vesentlege merknader i saka.

Transport vest, Transportforvaltning

Med helsing

Frode Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Postboks 8112 DEP, 0032 OSLO

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020 BERGEN